




## Areal- og strukturutvikling i Aust-Agder-jordbruket

### Utvikling dei siste ti åra i Aust-Agder

Kjelde: Søknad om produksjonstilskot, Landbruksdirektoratet.


#### Tal jordbruksbedrifter som søker produksjonstilskot



Det var ein markant reduksjon i tal jordbruksbedrifter i Aust-Agder fram til 2009. Deretter har det flata ut med 666–649 ordinære jordbruksbedrifter i 2009–2014. Tal jordbruksbedrifter i Aust-Agder vart redusert med 16 % frå 2004 til 2009 og med 2 % frå 2009 til 2014. På landsbasis var reduksjonen 12 % og 9 % i tilsvarende periodar.

Birøktarar fekk produksjonstilskot frå og med sommaren 2009. Me har trekt frå søkjarar med bikubar og utan jordbruksareal i Aust-Agder-tala. Aust-Agder er eit lite jordbruksfylke, men har tradisjonelt vore store innan birøkt. Birøktarane gir difor betydelige utslag i våre tal. Totalt tal søkjarar om produksjonstilskot sommaren 2014 var 683 inkl. alle birøktbedriftene. Frå 2010 til 2011 blei totaltalet søkjarar i Aust-Agder redusert på grunn av biesjukdomen open yngelrâte. Ved å trekkja ut dei reine birøktbedriftene frå tala fjernar me slike svingingar som ikkje har med strukturen i jordbruket å gjera.

## Jordbruksareal i drift og areal pr. jordbruksbedrift



Jordbruksarealet i Aust-Agder er redusert med 1,9 % frå 2004 til 2014. På landsbasis var talet 4,1 % reduksjon. Innmarksbeitearealet har auka. Tala skjuler difor ein enno større nedgang for den mest verdfulle jorda, fulldyrka og overflatedyrka jord. Held me innmarksbeitearealet utanfor, er nedgangen i areal dyrka jord 6,8 % både i Aust-Agder og i landet.

I 2014 disponerte kvar jordbruksbedrift i gjennomsnitt 170 dekar i Aust-Agder og 233 dekar på landsbasis. I Aust-Agder er jordbruksbedriftene altså mindre enn landsgjennomsnittet. Einingsstorleiken i Aust-Agder auka med 17 % frå 2004 til 2009, men berre 2 % frå 2009 til 2014. På landsbasis var tala 12 % og 8 % i desse to periodane.


## Skilnader mellom kommunar

### Tal jordbruksbedrifter

Tal jordbruksbedrifter i kommunane i Aust-Agder.

	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Landet	50932	49405	48174	47289	46553	45730	44723	43954	42923	42200
Aust-Agder m/areal*	754	720	706	683	665	666	663	657	649	654
Aust-Agder					701	702	684	679	673	683
Risør	21	19	17	16	16	15	14	14	15	14
Grimstad	121	115	109	108	107	107	104	109	106	108
Arendal	110	104	107	103	101	104	103	104	103	103
Gjerstad	27	22	20	20	20	19	19	17	18	21
Vegårshei	28	26	26	24	21	24	24	20	19	19
Tvedestrand	25	27	30	31	30	30	32	31	32	31
Froland	61	57	55	52	50	53	52	48	43	46
Lillesand	41	39	36	35	35	32	33	32	31	31
Birkenes	76	72	74	73	67	66	68	67	68	67
Åmli	48	46	44	45	43	42	42	44	42	41
Iveland	21	22	24	19	19	17	18	18	19	20
Evje og Hornnes	64	64	62	60	61	60	55	52	51	52
Bygland	44	41	39	37	37	38	38	38	37	35
Valle	54	53	50	48	47	48	49	51	52	53
Bykle	13	13	13	12	11	11	12	12	13	13

\*Birøktbedrifter utan jordbruksareal er utelatt frå tala for kommunane, men er med i talet for landet.




Risør har hatt prosentvis størst nedgang i tal jordbruksbedrifter. Også i Froland og Vegårshei har ein stor del lagt ned dei ti siste åra. Tvedestrand skil seg ut med oppgang frå 2004 til 2007.

## Jordbruksareal i drift (med innmarksbeite)

Tal dekar jordbruksareal i drift (med innmarksbeite) i kommunane i Aust-Agder.

	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Landet	10254575	10249116	10235383	10170635	10087460	10019349	9982818	9893628	9839699	9834895
Aust-Agder	112790	112166	112071	111487	111738	110786	111592	110116	109623	111077
Risør	2650	2557	2636	2607	2657	2503	2557	2581	2605	2520
Grimstad	18591	18113	17943	18158	18115	18106	17643	16794	16613	16708
Arendal	16839	16451	16617	16479	16912	16615	16443	16414	16093	15748
Gjerstad	4697	4555	4179	4149	4262	4291	4337	4212	4175	4564
Vegårshei	2869	2756	2679	2461	2184	1812	1917	1786	1715	1657
Tvedestrand	5090	5179	5465	5636	5438	5505	5922	5702	5633	5770
Froland	6048	6096	6069	5809	5725	5977	5923	5722	6077	6184
Lillesand	6352	6485	6170	5863	5778	5726	6024	5729	5424	5550
Birkenes	9962	10219	9963	9937	9670	9500	9633	10450	10905	11217
Åmli	9112	8769	9239	9593	9681	9628	9722	9740	9164	9673
Iveland	3495	3840	4211	3934	4090	4270	4423	4310	4365	4150
Evje og Hornnes	9753	10105	10065	9857	10270	9579	9693	9729	9789	10315
Bygland	7062	6755	6598	6738	6796	6873	6971	6862	6890	6736
Valle	8504	8554	8502	8554	8676	9038	8839	8499	8553	8613
Bykle	1766	1732	1735	1712	1484	1363	1545	1586	1622	1672




Når det gjeld nedgang i jordbruksareal i drift skil Vegårshei seg negativt ut med 42 % nedgang på ti år. Det ser ut til at andre ikkje har overtatt drifta av areala når ei jordbruksbedrift har slutta i Vegårshei. Iveland har hatt den mest positive utviklinga i jordbruksareal. Største delen av auken er innmarksbeite. Tvedestrand har auka arealet dyrka jord.

Grimstad og Arendal er dei to klart største jordbrukskommunane i Aust-Agder, både målt i areal og tal jordbruksbedrifter.

## Dyrka jord i drift (utan innmarksbeite)

Tal dekar dyrka jord i drift (utan innmarksbeite) i kommunane i Aust-Agder.

	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Landet	8878282	8838727	8792442	8745862	8662546	8563818	8469914	8418387	8329520	8277032
Aust-Agder	103827	103431	102390	101666	100714	100620	98145	98265	96363	95744
Risør	2672	2576	2479	2558	2464	2517	2409	2435	2434	2421
Grimstad	18048	17987	17314	17171	17315	17348	17303	17000	16286	16087
Arendal	16136	16400	16049	16224	15945	16345	15975	15769	15750	15341
Gjerstad	4539	4597	4491	3610	3543	3655	3628	3759	3661	3662
Vegårshei	2065	2032	1988	1933	1763	1559	1354	1370	1284	1272
Tvedestrand	4585	4699	4744	4938	5141	4943	4991	5320	5083	5014
Froland	6174	5651	5717	5679	5434	5347	5626	5402	5211	5575
Lillesand	6159	6255	6392	6049	5690	5627	5593	5749	5490	5202
Birkenes	8278	8142	8311	8101	8061	7731	7415	7431	7566	7803
Åmli	8546	8397	8039	8447	8670	8760	8749	8809	8810	8349
Iveland	2876	3027	3219	3526	3326	3430	3118	3260	3254	3298
Evje og Hornnes	8327	8402	8661	8611	8562	8723	7478	7565	7478	7533
Bygland	6617	6605	6340	6223	6277	6269	6290	6137	6130	6143
Valle	7312	7168	7179	7166	7106	7064	7111	7004	6623	6700
Bykle	1493	1493	1467	1430	1417	1302	1105	1255	1303	1344




## Areal pr. jordbruksbedrift

Tal dekar jordbruksareal (med innmarksbeite) pr. jordbruksbedrift og endring 2004–2014.

Kommune	2004	2009	2014	Endring
Risør	125	166	180	44 %
Grimstad	144	169	155	7 %
Arendal	145	167	153	5 %
Gjerstad	161	213	217	35 %
Vegårshei	106	104	87	-18 %
Tvedestrand	207	181	186	-10 %
Froland	96	115	134	39 %
Lillesand	148	165	179	21 %
Birkenes	121	144	167	38 %
Åmli	174	225	236	35 %
Iveland	164	215	208	27 %
Evje og Hornnes	157	168	198	26 %
Bygland	150	184	192	28 %
Valle	152	185	163	7 %
Bykle	136	135	129	-5 %
<b>Aust-Agder m/areal*</b>	<b>143</b>	<b>168</b>	<b>170</b>	<b>19 %</b>
<b>Aust-Agder</b>		168	163	
<b>Landet</b>	<b>194</b>	<b>217</b>	<b>233</b>	<b>20 %</b>

\*Birøktbedrifter utan jordbruksareal er utelatt frå tala for kommunane, men er med i talet for landet.



Åmli og Gjerstad har dei største einingane i Aust-Agder målt i jordbruksareal med 236 og 217 dekar i gjennomsnitt pr. jordbruksbedrift.

## Historisk utvikling, 1929–2010 i Aust-Agder

Kjelde: Jordbruksstatistikk, SSB. Driftseiningar over 5 dekar er med.

